

Lokalt samhandlingsutval for Volda sjukehusområde

Møtereferat

Møte: Lokalt samhandlingsutval for Volda sjukehusområde (nr. 4/2020)

Dato: 11.12.2020

Stad: Teams

Møtetid: Kl. 12.00-14.30

Til stades:

Herøy kommune ved kommunalsjef Renate Rossi-Kaldhol

Ulstein kommune ved kommunalsjef Marit Botnen

Vanylven kommune ved kommuneoverlege Cecilie Oppedal

Ørsta kommune ved stableiar tildeling og koordinering Oddvar Marøy (til kl. 14.00)

HMR – Volda sjukehus ved rådgiver stadleg klinikk Mona Ryste (leiar LSU)

HMR – Volda sjukehus seksjonsleiar BUP Volda Kari Standal

HMR – Volda sjukehus ved kreftsjukepleiar palliativt team Aina Torine Rangsaeter

HMR – Volda sjukehus ved seksjonsleiar DPS Hallgrim Myklebust

HMR – Volda sjukehus ved praksiskonsulent Stian Endresen

Brukarutvalet ved Asbjørn Ringdal Gausdal

Andre:

Spesialrådgivar Britt Valderhaug Tyrholm i Helse Møre og Romsdal HF

Rådgjevar Jo Volle i Helse Møre og Romsdal HF

Koordinator Gro-Anette Frøystad Voldsund (avdelingsleiar tenestekoordinering i Herøy kommune)

Forfall:

Hareid kommune ved kommunalsjef Nils Arne Skagøy (nestleiar LSU)

Sande kommune ved helse- og omsorgssjef Bård Dalen

Sande kommune ved einingsleiar Wenche Thorseth

Vanylven kommune ved kommunalsjef Aud Marie Åsen

Volda kommune ved kommuneoverlege Inger Lise Kaldhol

Volda kommune ved kommunalsjef Svein Berg-Rusten

HMR – Volda sjukehus ved klinikkssjef stadleg klinikk Volda Palma Hånes

Møteleiar: Mona Ryste, leiar for LSU Volda sjukehusområde

Referent: Vegard Austnes, rådgivar i Sunnmøre Regionråd

Lokalt samhandlingsutval for Volda sjukehusområde

Sak 29/2020: Velkomen til møte i Lokalt samhandlingsutval for Volda sjukehusområde.

Godkjenning av innkallinga. Saker til eventuelt. Ved nestleiar for Lokalt samhandlingsutval for Volda sjukehusområde Mona Ryste

Nestleiar ønskte velkomen til møtet. Innkallinga vart godkjend.

Saker til eventuelt var:

- Overordna samhandlingsutval ber om at dei lokale samarbeidsutvala kartlegg kva kommunar som har etablert rask psykisk helsehjelp i opptaksområdet. Britt V. Tyrholm presenterte saka. Saka vart drøfta under sak 34/20.
- Orientering frå Kari Standal om behov for samarbeid mellom avdeling psykisk helsevern for barn og unge og kommunehelsetenestene. Saka vart drøfta under sak 34/20.
- Psykologtilbodet på søre Sunnmøre ved brukarutvalet sin representant Asbjørn Ringdal Gausdal.

Sak 30/2020: Godkjenning av referat frå førre møte nr. 3-2020 (18.09.2020)

Ved nestleiar for Lokalt samhandlingsutval for Volda sjukehusområde Mona Ryste

Referatet frå førre møte vart godkjend.

Sak 31/2020: Kva skjer ved Volda sjukehus og i kommunane? Gjensidig orientering

Ved kommunalsjef i Herøy kommune Renathe Rossi-Kaldhol og rådgivar stadleg klinikk HMR – Volda sjukehus Mona Ryste (nestleiar LSU)

Rossi-Kaldhol orienterte frå Sjustjerna helse og omsorg. I kommunane er det m.a. fokus på dei økonomiske rammene til tenestene, samt koronapandemien.

Ryste orienterte frå Volda sjukehus. Ho ga honnør til kommunane sitt arbeid i høve til koronapandemien og smittesporing. Ryste viste til at Volda sjukehus er i landstoppen på pasienttilfredsheit i Folkehelseinstituttet si undersøking. Ved sjukehuset har ein fokus på å sikre best mogleg balanse mellom Covid-beredskap og ordinær pasientbehandling. Også i helseføretaket er dei økonomiske rammene for 2021 krevjande. Ryste sin presentasjon følgjer vedlagd.

Sak 32/2020: Sluttrapport transport psykisk sjuke

Ved rådgjevar Jo Volle i Helse Møre og Romsdal HF

I OSU-sak 11/2020 bad Overordna samhandlingsutval om at rådgjevar Jo Volle i HMR vert invitert til dei lokale samhandlingsutvala for å sjå på forbetningsområder knytt til transport av psykisk sjuke.

SINTEF har laga ein rapport om dette, der ein har sett på over 30 000 hendingar i perioden 2014-2018.

Lokalt samhandlingsutval for Volda sjukehusområde

Eit av hovudfunna er at dei fleste hendingar med oppdrag og psykisk sjuke skjer utanom dagtid, dvs. på tidspunkt der fastlege eller kommunale tenester ikkje er tilgjengelege. Kapasiteten i spesialisthelsetenestene er også redusert på kveld og natt og gjennom helgedagane. Hyppige brukarar er personar som i særleg grad er involvert i hendingar.

LSU Volda sjukehusområde stilte spørsmål om det bør vere AHT (Akutt heimebehandlingsteam) også på natt på søre Sunnmøre, spesielt i helgene. Det har i fleire år vore ønskje om å prøve ut dette.

LSU Volda sjukehusområde vil ta opp behovet for AHT med klinikksjef for psykisk helse og rus.

Sak 33/2020: Revidert samarbeidsavtale mellom Helse Møre og Romsdal HF og kommunane

Orientering ved Stian Endresen, medlem i forhandlingsutvalet ved revisjon av samhandlingsavtalen (for HMR, som leiar for PK MR)

Høyringa om revidert samhandlingsavtale/samarbeidsavtale hadde høyringsfrist 26. oktober d.å. Avtalen er sidan ferdigstilt frå forhandlingsutvalet, handsama i Overordna samhandlingsutval (OSU) 25. november, og 27. november sendt frå Helse Møre og Romsdal HF til kommunane i fylket for handsaming i kommunestyra.

Sak 34/2020: Samhandlingsstatistikk og tilbod om rask psykisk helsehjelp

Ved spesialrådgivar Britt Valderhaug Tyrholm i Helse Møre og Romsdal HF

Frå Volda sjukehus vart det kommentert at ein ikkje opplever utskrivingsklare pasientar som noko problem, då det er eit godt samarbeid mellom sjukehuset og kommunane.

Når det gjeld reinnlegging på sjukehuset av pasientar over 90 år, er det store variasjonar mellom kommunane. Det vart stilt spørsmål ved kva kan dette skuldast.

Tyrholm sin presentasjon følgjer vedlagd.

Tilbod om rask psykisk helsehjelp (førebyggjande kortidsterapi) finst ikkje i kommunane på søre Sunnmøre i dag. Utvalet vert å kome tilbake til saka på neste møte.

Seksjonsleiar BUP Volda Kari Standal viste til at det er høg avslagsprosent (25%) i avdeling psykisk helsevern for barn og unge. Det er behov for å etablere eit samarbeid med kommunehelsetenestene.

Sak 35/2020: Møteplan for 2021

Ved nestleiar for Lokalt samhandlingsutval for Volda sjukehusområde Mona Ryste

Neste møte vert fredag 29. januar 2021, i etterkant av møte i Sjustjerna helse og

Lokalt samhandlingsutval for Volda sjukehusområde

omsorg same dag. Vidare møter i 2021 vert å kome tilbake til.

Sak 36/2020: Val av leiar og nestleiar for LSU Volda sjukehusområde f.o.m. 2021

Ved nestleiar for Lokalt samhandlingsutval for Volda sjukehusområde Mona Ryste

I LSU Volda sjukehusområde har ein halde seg til ei ordning der helseføretaket og kommunane årleg byter på å ha leiar og nestleiar i utvalet. I 2020 har Nils Arne Skagøy vore leiar og Mona Ryste nestleiar.

Jf. utkastet til ny samarbeidsavtale mellom HMR og kommunane skal leiar og nestleiar veljast for 4 år, men kan byte roller i perioden.

Vedtak: Mona Ryste er leiar og Nils Arne Skagøy nestleiar fram til ny samarbeidsavtale med revidert samhandlingsstruktur trer i kraft i 2021.

Sak 37/2020: Eventuelt

Brukarutvalet sin representant tok opp at psykologtilbodet på søre Sunnmøre gir rom for bekymring hos brukarane, fordi ein heimel for psykologspesialist i klinisk arbeid ikkje vert vidareført. LSU Volda sjukehusområde vil be om at heimelen vert forlenga.

Under eventuelt vart det drøfta kva saker som ein ser som aktuelle for neste møte:

- legevaktsamarbeid på søre Sunnmøre i høve til rekruttering og tenestekvalitet (jf. møte 3-2020 sak 22/2020, 4. avsnitt).
- kompetansebygging og videokonsultasjonar (jf. møte 3-2020 sak 27/2020, 6. og 7. avsnitt)
- traumeplan HMR.
- rekruttering av LIS-1 legar. Ein frå kommunane kan vere med i tilsettingsnemda.
- tilbod om rask psykisk helsehjelp i kommunane på søre Sunnmøre.